

MOLDEKLEIVMARKA VELFORENING  
c/o John Elling Vatne Moldekleivmarka 71B  
5919 FREKHAUG

---

Dato	03.04.2023
Vår referanse	2023/55682-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ketil Mikkelsen
E-post	Ketil.Mikkelsen@vlfk.no
Telefon	99734763

## Ber om informasjon om byggestart - fv. 5310 - Fosse - Moldekleiv - Alver kommune

Viser til Dykkar brev datert 27.03.2023

Detaljprosjekteringa av løysingar for ny fylkesveg 5310 Fosse-Moldekleiv, vert truleg ferdigstilt ila sumaren 2023. Nokre prosjekteringsløysingar fører til reguleringsendringar, som må godkjennast av Alver kommune. Desse endringane vert sende inn til kommunen før påske. Kommunen har handsamingstid på desse endringane.

Parallelt med detaljprosjekteringa, er fylket godt i gang med grunnnerv. Det er inngått avtale med over halvparten av eigedomane som vert rørt ved av anlegget. Kor lang tid denne prosessen vil ta, er meir usikker. Nokre avtalar kan ikkje inngåast før fylket har godkjente reguleringsendringar og detaljløysingar klar. Om fylket ikkje får avtale med alle eigedomar, kan grunnnervsprosessen vare fram til hausten 2024. Prosjektet kan ikkje lysast ut før eigedomsavtalane er på plass.

Når alle avtalar er signert, vil prosjektet lysast ut på anbud. Anbudsprosessen vil normalt ta 4-6 månader.

Med helsing

**Ketil Mikkelsen**  
byggeleiar  
INV - Utbygging Vest

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

Mottakarliste				
MOLDEKLEIVMARKA	c/o John Elling Vatne Moldekleivmarka	5919	FREKHAUG	
VELFORENING	71B			
FAU GRASDAL SKULE	c/o Grasdal skule Ådlandsvegen 323	5919	FREKHAUG	